

Trykt i *Nytt fra Norsk Musikksamling*, nr. 1, 1999, s. 8 – 9.

Syng du i dusjen?

Velle Espeland

Song folk meir før? Nå tenkjer eg ikkje på dei profesjonelle, men på songen i kvardagen, songen i dusjen og songen over oppvasken. Har Walkman og tekniske media gjort oss meir passive og mindre syngjande? Så lenge eg kan hugse har det vorte ei allmenn oppfatning at det var meir song i gamle dagar. Men vi har ikkje materiale som kan fortelje oss om dette er tilfelle. Det kan vere aldringsprosessen som lurar oss til å tru at alt var betre før. Kvar enkelt av oss song sikkert mykje meir som barn. Og så lenge vi ikkje har konkrete data om songaktiviteten i kvardagen blir det ei subjektiv oppfatning. Norsk Visearkiv har i samarbeid med Norsk Etnologisk Gransking laga ei spørjeliste om kvardagssongen. Og i desse dagane kjem svara inn.

Allmennsong svarer til profesjonell song som dagleg mosjon til stjerneidrett

Songen i dusjen blir ikkje rekna som kultur, han er snarare litt latterleg. Men eg må innrømme at eg gjerne syng i dusjen sjølv. Det er flott med den spesielle akustikken dei glatte baderomsveggane gir, mens brusset frå vatnet dekkjer barmhjertig over ustø intonasjon og manglande tekstkunnskap.

Det er godt og viktig å syngje. Slik song som ikkje blir retta mot eit publikum, men som berre blir sunge for si eiga skuld, kallar vi allmennsong. Allmennsongen er kanskje ikkje alltid så vakker. Men det er heller ikkje noko poeng. Profesjonell, publikumsretta song kan vurderast utifrå estetiske krav, men allmennsong er eit anna kulturfenomen med heilt andre verdiar og målsetjingar.

Song er den aller vanlegaste forma for musikkutøving. Song krev ingen instrument og inga førebuing. Dersom ein ikkje har estetiske ambisjonar, men lar songen få vere mål i seg sjølv så trengst det heller inga opplæring. Det er nok å ha hørsel og stemme. Song treng ikkje eingong å høyrast. Det går an å ha glede av song som ein berre nynnar inni seg. Dette betyr at nesten alle situasjonar kan vere songsituasjonar. Sjølv på ein arbeidsplass der bråket er øredøvande, kan ein syngje lydlaust.

Allmennsong og profesjonell song er to forskjellige ting. Profesjonell song rettar seg mot eit publikum. Allmennsongen derimot rettar seg innover mot songaren. Synginga er i seg sjølv mål og meining. Men samstundes kan vi oppfatte desse to fenomenar som ytterpunkt på ein skala. Da blir det interessant å finne ut kvar grensa går mellom desse to songformene. Dersom ein songar får betalt for å syngje så er songen naturlegvis profesjonell. Men det betyr ikkje at all ubetalt song er allmennsong. Grensa må heller gå ved det at songaren stig fram for eit publikum og dermed legg estetiske mål på songen. Først når songen blir presentativ (retta mot andre) blir estetikk viktig og repertoar utvikla. Når ein syng i dusjen kan ein gjerne syngje songar ein ikkje kan, eller til og med songar som ein ikkje har lyst til å syngje, strofer som berre har festa seg i hovudet og som ein gjerne vil bli kvitt.

Allsong

Mesteparten av allmennsungen er spontan og individuell, men allsong er også song for songen si eige skuld. Og fordi om det kjem inn ein forsongar i ei allsonggruppe eller på eit lagsmøte, blir ikkje songen dermed retta mot eit publikum. Dette gjeld også salmesong i kyrkja. Salmesongen er del av ei religiøs oppleving og såleis retta mot kvar enkelt. Den enkelte kan rett nok velje å vere taus, han eller ho kan også velje å sjå på seg sjølv som publikum, men dei blir ikkje dermed publikum. Dei blir berre ikkje-songar. I riktig gamle dagar var det ikkje eingong slik at salmesongen var unison. Heile kyrkjelyden starta samstundes på ein salme, men det var ikkje noko krav om at alle skulle slutte på likt. Nokre tobakksugne menn kunne syngje seg raskt gjennom teksten, og så gå ut på kyrkjebakken for å tenne pipa, medan dei tregaste songarane gjorde seg ferdige.

Allsong har ein sterk gruppeskapande funksjon. Å syngje saman skaper raskt samkjensle, og den effekten prøver både foreningar, lag, politiske aksjonsgrupper og festlege samkome å utnytte. Den store mengda med ulike foreining- og lagssongbøker fortel oss det. Ei ganske spesiell form for allsong er festsongen. Til jubileum og festar av ulike slag blir det gjerne dikta eingongssongar som blir framført ved festbordet. Dette er songar som gjerne blir nedvurdert på grunn av elendig litterær kvalitet, men likevel lever denne tradisjonen godt. Ofte er det nettopp dei tekstene som går spesielt dårleg på melodien, som blir hugsa og referert. Det spørst om ikkje den litterære kvaliteten er noko heilt irrelevant for denne songen, Det viktige er å skape gruppekjensle og feststemning. Og ikkje noko skaper feststemning så raskt som alkohol og allsong.

Paradokset Sputnik

Knut Storbukås har seld utruleg mange kassettar, men likevel er det nesten umogleg å finne nokon som kan forklare kvifor han appellerer. Her har vi ei form for musikkpreferanse som det ikkje har vore sett ord på. Det einaste begripelege svar eg har fått, kom frå ein langtransportsjåfør som sa at Sputnik var god å syngje til. Kanskje dette er nøkkelen. Sputniks melodiar er svært forutsigbare. Alt ved andre avspeling går det an å syngje med. Framføringa er ikkje meir avansert enn det ein kan klare sjølv og duren frå motoren pakkar songen inn slik at ein ikkje får noko kjensle av at andre kan høre på og gjere narr. Nyskaping og originalitet er ikkje positive eigenskapar ved eit fonogram som skal brukast på denne måten. I motsetning til avanserte studioproduksjonar gir Sputnik høve til å syngje med.

Kvardagssongen i dag

I februar i år sende Norsk Etnologisk Gransking ut spørjelista *Sang i hverdag og fest* til sine medarbeidarar. Ennå kjem det inn nye svar kvar veke og det er for tidleg å oppsummere, men svara gir eit klårt inntrykk av at mange verkeleg er engasjert i songens kår, og gjerne vil skrive om sitt forhold til song.

Mange av svara gir også uttrykk for eit trist paradoks som kan uttrykkast slik: ”*Jeg er veldig glad i å syngje, men syngjer aldri så noen kan høre det!*” Mange kan også fortelje triste episodar frå songtimane i barneskolen, når dei fekk beskjed om å halde munn under songen. Berre dersom ein syng reint og vakkert er det lov å syngje. Og det er ikkje berre ”brummarane” som sit att med dette inntrykket. Det virkar nesten som fleirtalet skammar seg over sangstemma si. Prestasjonsangst får dominere over songgleda.

I spørjelista spurte vi også om festsongen og om sjølvdikta songar. Og her gir svara inntrykk av ein stor kreativitet. Dei fleste av svararane har dikta festsongar sjølv. Festsongar og festtaler er eigne genre som har sine rammer og fordelar. Vi har fått inn ein god del songar laga til firmafester. Og desse skil seg på ein interessant måte frå dei songane som er laga til private jubileer, bryllaup etc. Festsongen har ei form for frispråk. Han kan gje uttrykk for kritikk og irritasjon som det er vanskeleg å få fram på andre måtar.

Dei som har interesse av denne spørjelista kan få ho frå Norsk Visearkiv.